



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 921 196 164
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: LL DET NORSKE TEATRET
Forretningsadresse: Kristian IVs gate 8
0164 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Roar Midttun
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.04.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 30.06.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Eigne inntekter	1	21 940 000	30 269 000
Tilskot	2	215 462 000	205 087 000
Sum inntekter		237 402 000	235 356 000
Kostnader			
Varekjøp		4 651 000	8 696 000
Kostnad v/arbeidskraft	3	173 545 000	167 872 000
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073 000	1 073 000
Ordinære avskrivningar	6A 6B	16 891 000	18 014 000
Andre driftskostnadeer	4	37 969 000	36 906 000
Storebrand/KLP - pensjon lukka ordning	10	1 026 000	6 278 000
Sum kostnader		235 155 000	238 839 000
Driftsresultat		2 247 000	-3 483 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		508 000	506 000
Sum finansinntekter		508 000	506 000
Annan rentekostnad		690 000	1 016 000
Sum finanskostnader		690 000	1 016 000
Netto finans		-182 000	-510 000
Ordinært resultat før skattekostnad		2 065 000	-3 993 000
Skattekostnad	9	616 000	429 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 449 000	-4 422 000
Årsresultat		1 449 000	-4 422 000
Overføringer og disponeringar			
Overført til opptent egenkapital	8	1 449 000	-4 422 000
Sum overføringer og disponeringar		1 449 000	-4 422 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	9	1 646 000	1 556 000
Sum immaterielle egedelar		1 646 000	1 556 000
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	10 502 000	11 575 000
Bygninger, tomter	5	9 007 000	9 007 000
Teknisk utstyr, inventar	6A 6B	71 066 000	76 724 000
Sum varige driftsmiddel		90 575 000	97 306 000
Finansielle anleggsmiddel			
Lån til staten	7B	22 200 000	22 200 000
Sum finansielle anleggsmiddel		22 200 000	22 200 000
Sum anleggsmiddel		114 421 000	121 062 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varelager	13	2 076 000	1 865 000
Sum varer		2 076 000	1 865 000
Krav			
Forskot forfatterhonorar		2 312 000	2 409 000
Andre fordringar, inkl. tilsette		4 930 000	13 898 000
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	4 997 000	3 388 000
Sum krav		12 239 000	19 695 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bank og kasse	14	6 542 000	5 876 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		6 542 000	5 876 000
Sum omløpsmiddel		20 857 000	27 436 000
SUM EIGEDELAR		135 278 000	148 498 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Lutmidlar	7-8	4 909 000	4 909 000
Annan innskoten eigenkapital	7-8	6 335 000	6 335 000
Sum innskoten eigenkapital		11 244 000	11 244 000
Opptent eigenkapital			
Opptent eigenkapital	8	10 541 000	9 509 000
Sum opptent eigenkapital		10 541 000	9 509 000
Sum eigenkapital		21 785 000	20 753 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	10	37 108 000	35 904 000
Sum avsetjingar for plikter		37 108 000	35 904 000
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	11 625 000	13 125 000
Sum anna langsiktig gjeld		11 625 000	13 125 000
Sum langsiktig gjeld		48 733 000	49 029 000
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt	11	13 021 000	28 597 000
Leverandørgjeld		6 764 000	7 960 000
Betalbar skatt, ikkje utlikna	9	707 000	510 000
Skuldige offentlege avgifter		10 822 000	9 414 000
Forskotsinnbetalt for billetter		8 286 000	10 688 000
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		25 160 000	21 547 000
Sum kortsiktig gjeld		64 760 000	78 716 000
Sum gjeld		113 493 000	127 745 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		135 278 000	148 498 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
---------------------	-------------	-------------	-------------



Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert LL Det Norske Teatret sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsklukk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

PricewaterhouseCoopers AS,
T: , org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Melding frå uavhengig revisor - LL Det Norske Teatret



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 25. februar 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Bente Norbye Lie
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name
Lie, Bente Norbye

Method
BANKID_MOBILE

Date
2022-03-01 16:11

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

*Styret i L/L Det Norske Teatret***Årsmelding 2021**

Det Norske Teatret klarte seg godt gjennom det andre året av pandemien, trass i at 2021 vart eit år mest utan vanlege dagar. På 326 dagar stod forbod, restriksjonar eller andre hindringar i vegen. Berre 39 dagar gav høve til å spele slik Det Norske Teatret har vore vant med i 108 år.

Styret er imponert over alt teateret likevel har fått til av nye produksjonar, framsyningar og formidling under desse krevjande omstenda. Den kunstnarlege utviklinga har etter det styret kan sjå vore minst like god som i eit normalår. Økonomisk og som organisasjon har teateret vorte sett på harde prøvar, men likevel greidd seg godt. Ekstra støtte frå Kulturdepartementet har vore ein føresetnad for at dette let seg gjere.

Mest av alt gler styret seg over den innstillinga som har prega Det Norske Teatret i desse kriseåra: Teateret har ustansleg prøvd å få til noko for å oppfylle samfunnsoppdraget. Samstundes har teateret klart å ta vare på tryggleiken til dei tilsette og publikum.

Det er ein framifrå prestasjon i eit år der hindringane stod på rekkje og rad: Totalforbodet mot arrangement innandørs i Oslo varte heilt fram til 25. mai. Dagen etter opna Oslo kommune opp for inntil 20 deltakarar på faste tilviste plassar, ei øvre grense som vart heva fleire gonger fram til Noreg til slutt fjerna alle pandemirestriksjonar frå ettermiddagen den 25. september. Men då var Det Norske Teatret ramma av streik. Arbeidskonflikten gjorde det umogleg å ha prøvar og framsyningar på Hovudscenen og Scene 2. Etter 53 dagar med streik vart arbeidet tatt opp igjen 25. oktober. Fram til 3. desember var det både lovleg og mogleg å spele teater som normalt. Så innførte regjeringa på nytt restriksjonar for å redusere spreiding av omikronvarianten av koronaviruset.

Det var aldri noko alternativ å legge ned arbeidet i lengre tid, sjølv om det ikkje var lov å ha publikum inne. For eit repertoarteater med om lag 30 ulike stykke i spel til kvar tid, er det naudsynt heile tida å halde framsyningar ved like og samstundes ta fram nye stykke til premiere og ein plass i repertoaret. Alternativet ville ha vore ein lang periode utan framsyningar når publikum igjen kunne gå på teater.

I løpet av dei fem første vekene av 2021 hadde Det Norske Teatret fire premierar på nye stykke, alle spelte utan anna publikum enn ti tilsette frå teateret. I alt vart det vinteren og våren 2021

spelt 61 framsyningar med maks ti tilsette i salen. Først 29. mai, til premieren på *Det er hardt å være b**ch*, kunne Det Norske Teatret igjen invitere publikum utanfrå - men berre 20 i talet.

Eit teater som når ut likevel

I alt hadde Det Norske Teatret 18 premierar i 2021. Teateret spelte 479 framsyningar, 10 av desse var direktestrøymingar. 316 planlagde framsyningar vart avlyste, i all hovudsak på grunn av pandemi eller streik. Det samla publikumstalet er av same grunn lågt: 73.000 såg framsyningar eller deltok på arrangement på Det Norske Teatret. Dette inkluderer òg publikum på 209 framsyningar av ulike stykke på spelferd. Etter eit slikt år kan ikkje styret anna enn å vere godt nøgd med publikumstalet.

Det Norske Teatret satsa tidleg i pandemien på å kunne strøyme framsyningar direkte til eit betalande publikum. Investeringar og kompetansebygging i 2020 gjorde at alt låg til rette for fleire strøymingar i 2021, denne sesongen av *Villanda*, *Slåttekar i himmelen* og *Tante Ulrikkes vei*. På den best besøkte strøyminga av *Slåttekar i himmelen* følgde meir enn 2000 framsyninga heimanfrå, medan 1000 samstundes såg den saman med andre på ti kulturhus, bibliotek og andre offentlege samlingsstader. Teateret har lukkast med inntektsmodellen: lågare billettprisar enn vanleg, men med høve til å kjøpe husstandsbillettar til framsyningane. I alt spelte teateret inn 1,5 millionar kroner på dette nybrottsarbeidet i 2021. Det dekkjer det vesentlege av meirkostnadane.

Strøyminga er noko anna enn verkeleg teater, som har det fysiske nærværet som føresetnad. Formidlingsforma innbyr til eksperimentering, noko teateret mellom anna viste i ei skjermorientert og nokså improvisert vising av Karel Capeks *Den kvite pesten*. Stykket vart sist spelt på Det Norske Teatret i 1938.

Tilbakemeldingane frå publikum har vore svært gode, ikkje minst frå dei som ikkje har høve til å besøke teateret fysisk. Undersøkingar viser at strøymingane også når eit nytt publikum i heile landet. Sjølv i teaterets nærleik i Oslo-området når strøyminga folk som ikkje har vore på Det Norske Teatret før. Det er grunn til å tru at desse avstandsmøta med eit nytt publikum òg vil føre til fleire besøk i teateret.

På den eine sida er strøyminga i samsvar med formålet til Det Norske Teatret - "å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by". Mot dette kan ein innvende at teater er ei fysisk kunstform som må opplevast i det rommet spelet finn stad. Ei skjermoverført framsyning er noko anna - og

noko mindre. Strøyming krev dessutan mykje ressursar. Styret har merka seg både fordelar og ulemper og legg til grunn at dette er ei avveging teatersjefen må gjere mellom dei to hovudmåla i samfunnsoppdraget: å skape kunst av høg kvalitet og å nå breitt ut. Det Norske Teatret vil utforme ein strategi for strøyming i 2022.

Då det var forbode å samle publikum inne, tok teateret byrommet i bruk. Takka vere det årelange samarbeidet med Goksøyr Martens, spelte teateret vandreframsyninga *Gå* ute i Oslo sentrum. I ein periode vinteren 2021 var framsyningane av *Gå*, med publikum inndelt i fire grupper med ti i kvar, det einaste kulturarrangementet i hovudstaden.

Våren 2020 vart det ein periode forbode å samle grupper utandørs òg. Teateret svarte då med *Plutseleg teater*, små uannonserte opptrinn med song eller dikt rundt omkring i hovudstaden. Varme tilbakemeldingar frå overraska forbipasserande overtydde oss om at mange verkeleg sakna kunsten. I landet elles, der smittevernrestriksjonane var mindre omfattande, kunne Svein Tindberg spele *Abrahams barn* på tiande året og passere utrulege 300 framsyningar i alt - så langt.

To sesongar i ein uvanleg ein

Teateret la gjennom kriseåret vekt på at alt kunstnarleg arbeid skulle få sitt møte med publikum. Det innebar premierar for vårens utsette produksjonar i haustsesongen, saman med sesongens heilt nye produksjonar. I august 2021 fekk endeleg publikum sjå dei første av produksjonane teateret hadde halde i gang bak lukka dører, mellom anna *Tolvskillingsoperaen* og *Lehman-trilogien* på Hovudscenen. Den ekstraordinære situasjonen gjorde at det var planlagt eit rekordstort tal premierar hausten 2021, heile 15. Alt i alt hadde teateret 37 ulike stykke på speleplanen frå august til desember.

Denne planen heldt fram til opningsdagen på Den internasjonale Fossefestivalen 3. september. Om kvelden skulle det vere premiere på Hovudscenen på *Oresteia* i Jon Fosses gjendikting. Men same morgon vart det klart at norske teater, orkester og operaen var råka av streik for første gong sidan 1994. Streikeuttaket på Det Norske Teatret gjorde spel på Hovudscenen umogleg, etter kvart også spel på Scene 2.

Trass fleire forsøk frå Riksmekklaren på å få til ei løysing, varte streiken heilt til 25. oktober. Det gjorde det umogleg å gjennomføre alt av det ambisiøse programmet for haustsesongen. Mellom

anna måtte den nye storsatsinga for barn, juleforteljinga *Snøsøstera*, utsetjast til hausten 2022 og *Oresteia* til neste internasjonale Fossefestival i 2023.

Styret vil likevel framheve den store innsatsen som vart gjort for å gi publikum eit så godt tilbod som mogleg gjennom hausten. Eit talande eksempel er framføringa av *Nokon kjem til å kome* på Hovudscenen under Fossefestivalen, denne gong i eit gjestespel frå Stavros Niarchos Foundation Cultural Center i Athen. Utan teknisk hjelp tilgjengeleg, spelte gjestane på flatt golv, utan dekorasjonar, lyd og lys.

Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2021 viser at eigeninntektene fall ytterlegare i det andre året med pandemi. Samla eigeninntekter var 22 millionar kroner, åtte millionar kroner lågare enn i 2020. Samanlikna med siste år med normal drift, 2019, er reduksjonen i eigeninntekter om lag 66 millionar kroner. Årsaka er i all hovudsak manglande billettinntekter. Teateret oppnådde berre 11 av dei 67 millionane som opphavelag var budsjettert frå billettsalet.

Ein vesentleg del av dette vart kompensert av ekstra støtte frå staten på 23,8 millionar kroner. Avviket er elles henta inn gjennom 18 millionar kroner lågare personalkostnader og 14 millionar kroner lågare driftskostnader enn budsjettert. Kostnadsreduksjonen er dels ein følge av lågare fransyningsaktivitet enn vanleg, men streiken førte også til ein vesentleg reduksjon i personalkostnadene. Reduksjonen i driftskostnader har same forklaring, i tillegg til nøktern drift. Om lag 1,8 millionar kroner i produksjonskostnader er dessutan overført til dei åra utsette teaterproduksjonar får premiere, i 2022 og 2023.

Årsresultatet etter skatt er 1,449 millionar kroner. Styret sitt framlegg er at dette overskotet blir lagt til opptent eigenkapital.

Pensjon

Den opptente eigenkapitalen blir òg påverka av svingingar i framtidige skyldnader for opptente rettar i den tidlegare pensjonsordninga på teateret. Denne vart lukka i 2016 og erstatta av ei mellombels innskotspensjonsordning. Dette er i prinsippet ei spareordning som ikkje har tilsvarande svingingar i framtidige skyldnader for teateret. Etter streiken hausten 2021 vart arbeidsgivarforeininga Spekter og LO Stat samde om at det skal etablerast ei varig pensjonsordning med livslange og kjønnsnøytrale ytingar frå 1. april 2022.



Teateret vil likevel i lang tid ha skyldnadar etter dei opparbeide rettane noverande og tidlegare tilsette har i den lukka pensjonsordninga. Denne ordninga vil ha ein langsiktig ibuande risiko for svingingar som år for år kan kome til å påverke teateret sin eigenkapital. Sidan 2016 har vi sett dette få sterke utslag i både negativ og positiv retning.

Det er fleire måtar dette kan bli ført på i driftsrekneskapen. Teateret har frå 2015 til 2020 ført heile endringa frå eitt år til eit anna i driftsrekneskapen. Det har i nokre år gitt svært store utslag i driftsresultatet, som langt overstig variasjonane i resultat i sjølve teaterdrifta. Styret meiner at desse store utslaga har gjort det vanskelegare å lese årsrekneskapen som eit uttrykk for teateret si faktiske drift det aktuelle året.

Styret vedtok i 2021 å endre rekneskapsprinsipp slik at estimatendringar vil bli førde mot eigenkapitalen, og ikkje over driftsresultatet. I 2021 inneber dette ei auka skyldnad, og dermed reduksjon av eigenkapitalen på 416 000 kroner. Pensjonskostnaden i rekneskapen er basert på aktuarutrekna servicekostnad og netto rentekostnad i året. I 2021 utgjør pensjonskostnaden for den lukka ordninga 1,026 millionar kroner. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på utrekna årleg premie.

Resultat og eigenkapital

Med årsresultatet på 1,449 millionar kroner lagt til opptent eigenkapital og ei negativ estimatendring for den lukka pensjonsordninga på 416 000 kroner trekt frå eigenkapitalen, er teateret sin opptente eigenkapital 10,541 millionar kroner pr 31.12.2021. Medrekna lutmidelen og annan innskoten eigenkapital er teaterets totale eigenkapital 21,785 millionar kroner.

Skatt

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå desse verksemdene er skattepliktige. Det Norske Teatret avvikla avtalen med NOKO Utvikling AS om leige av utleigelokala og overtok utleiga sjølv frå 1. april 2020. Frå juni 2021 flytta Norsk Teater- og Orkesterforening inn som ny leigetakar i 3. høgda. 4. høgda er leigd ut til ny leigetakar frå våren 2022, medan teateret arbeider med å leige ut 2. høgda, som vart ledig frå årsskiftet 2021/22.

For investeringar i desse areala er det gjort avskrivningar på 1 073 400. Samla skattekostnad var på 616 000 kr i 2021.

Bygg og utstyr

Teateret har ambisiøse mål for å utvikle bygget og drive kontinuerleg vedlikehald, slik at huset blir verande ein god arbeidsplass og ein attraktiv arena for publikum. I 2021 vart investeringar planlagde på eit normalt nivå, om lag 15 millionar kroner, etter å ha halde investeringane på eit minimum i pandemiåret 2020. Vanskar i det andre pandemiåret, mellom anna med lengre leveringstider, gjorde at gjennomførte investeringar blei noko lågare.

I 2021 starta teateret oppgraderinga av det sentrale driftsanlegget som driv tekniske anlegg, det vart installert LED-arbeidslys på Hovudscenens sidescenar og på fleire verkstader.

Lagringskapasiteten vart auka med ein ny mesanin i monteringshallen. Det vart installert motoriserte lyskastarar og investert i eit nytt dimmaranlegg på Scene 2. Det vart vidare gjort ei rekkje endringar med ventilasjonsanlegg og lys i utleigebygget, samt ombygging av kontor.

Det er gjennomført ein energianalyse av teaterbygget, og i 2022 vil det igjen bli gjennomført eit uavhengig tilsyn av bygg og vedlikehald, utført av ekstern part. Dette er teateret pålagt å gjennomføre kvart fjerde år.

Styret har i 2021 drøfta teateret sitt investerings- og vedlikehaldsbehov i eit 10-årsperspektiv. Dette gjeld både bygg og teaterteknisk utstyr. Det er venta at investeringsbehova blir noko større i åra som kjem, etter kvart som bygget blir eldre og ein del teknisk utstyr nærmar seg slutten på levetida si. Det er likevel slik at systematiske investerings- og vedlikehaldsplanar gjennom mange år har resultert i at nivået på bygg og utstyr generelt er godt, om ein med unntak.

Den nye norske allmenningen - eit grønt tak for alle på Det Norske Teatret?

På taket av Det Norske Teatret kan det vere mogleg å skape den nye norske allmenningen. Det vil kunne bli eit grønt byrom for alle midt i Oslo, som er ope også når teateret er stengt. Det vil bli ein vrimleplass og kulturell samlingsstad med lik tilgang på den heftigaste utsikta i hovudstaden. I 2021 har styret jobba vidare med ein studie av moglegheitene for ei slik utbygging.

Teaterbygget er eit markant postmoderne verk frå 1985 og har i seinare tid fått plass på Riksantikvarens si gule liste. Men til å vere eit svært stort bygg, med ei grunnflate på fem mål, og som ein sentral kulturinstitusjon er Det Norske Teatret elles lite synleg i byen.

Med utgangspunkt i strategidiskusjonar i styret i har teateret i 2020 og 2021 fått gjennomført ei studie av ei mogleg utbygging på taket. Samarbeidspartnarar har vore KIMA arkitektur og Multiconsult. Studien viser at det er teknisk og estetisk mogleg å byggje rundt scenetårnet og over det eksisterande teaterbygget, utan på nokon måte å forringe teaterets sterke arkitektoniske kvalitetar. Studien er gjennomført i fleire fasar. Gjennom ei rekkje møte med Byantikvaren har vi fått gode råd og møtt motstand. I oktober 2021 vedtok styret å få bygd ein modell av teateret med eit mogleg takprosjekt for å gjere det lettare å arbeide vidare med prosjektet. Modellen blir klar våren 2022.

På taket ønskjer vi også å byggje vår fjerde scene, men den skal ikkje berre vere vår. Vi vil skape det omvendte Riksteatret her: Medan dei reiser landet rundt, vil Scene 4 på taket bli heile landets spelestad i Oslo. Slik tenkjer vi oss at publikum i hovudstaden skal kunne sjå scenekunst av høg kvalitet frå heile Noreg.

Det er enno for tidleg å avgjere om teateret skal ta steget over i realisering av eit slikt takprosjekt. Mange tekniske, økonomiske og regulatoriske tilhøve må avklarast. Teateret vil og vere avhengig av å finne dei rette samarbeidspartnarane. Det ideelle ville vere om ein fann partnarar som har mykje til felles med Det Norske Teateret og opphavet vårt, innanfor språk, ytring, scenekunst eller med perspektivet heile Noreg i hovudstaden. Styret vil halde luteigarane orientert om framdrift og vurderingar i moglegheitsstudien, gjennom orienteringar på årsmøta.

Mangfald, likestilling, læring og organisasjon

Teateret har ordningar for gratisbilletter for følge til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrhjelp for høyrsllehemma. Bygget er generelt godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter ytterlegare å styrke denne utforminga.

Våren 2021 fullførte Det Norske Teatret, i samarbeid med Nord universitet, bachelorstudiet Det multinorske for skodespelarstudentar med familiebakgrunn utanfor Europa. Utdanninga vart starta opp i 2012 med føremål om å spegle det moderne Noreg. I alt 14 studentar har blitt skodespelarar gjennom denne utdanninga. Mangfaldet ved norske scenar og i norsk film- og tv-produksjon er vesentleg auka som resultat. Saman med Riksteatret og Teater Manu arbeider Det Norske Teatret no med eit nytt initiativ for å få til ei tilsvarende utdanning ved Det multinorske for dei kunstnarlege premissleverandørane, regissørane og scenografane. I desse definerande

faga er mangfaldet lite, og det er avgjerande at vi finn fleire og meir mangfaldige stemmer i desse yrkesgruppene òg. Målet er å kome i gang med ei utdanning i 2023.

Den store satsinga i mangfaldsarbeidet til teateret er for tida i Groruddalen. Teateret har i 2021 styrkt bemanninga på Rommen scene kraftig og Belinda Braza har fått det kunstnarlege leiaransvaret for alt Det Norske Teatret gjer i Groruddalen. Med støtte frå Sparebankstiftelsen vil det no også bli mogleg å starte rekrutteringsprogrammet Talent Rommen, som mellom anna vi vil gi unge i dalen eit framifrå høve til å gjere seg kjent med fleire teaterfag, mellom anna dei tekniske. I 2021 fekk to nye produksjonar premiere på Rommen scene: *Min venn romvesenet* og *Leve republikken!* Som ein del av satsinga spelte også *Campingkompaniet* teater på nabolagsturne.

DNT er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen. Dei som driv eit viktig rekrutteringsarbeid til scenekunsten blant barn og unge, og fekk i 2021 Oslo bys kulturpris for 2020. Organisasjonen er ein samarbeidspartnar i Talent Rommen, som altså skal opne vegar inn til scenekunsten for ungdom i Groruddalen.

Desse tiltaka har saman med målbevisst arbeid med publikumsutvikling, også gjennom Bikubekveldar og andre arrangement på teateret, auka mangfaldet på scenen og blant publikum. Vi ser eit potensial for meir mangfald blant dei tilsette, og i større grad gjeld det dei andre gruppene tilsette enn dei kunstnarlege. I stillingsutlysingar presiserer teateret at vi “ønsker å spegle samfunnet og oppmodar kvalifiserte kandidatar som kan auke mangfaldet i organisasjonen vår til å søke.” Teateret må likevel erkjenne at mengda av søkarar på ledige stillingar ikkje godt nok speglar samfunnet vi lever i. Truleg må heile bransjen arbeide meir aktivt og målretta for å auke mangfaldet også bakom scenane.

I juni fekk Det Norske Teatret Norsk Publikumsutvikling-prisen i kategorien «Utvidar» “for det langsiktige, strategiske, og dedikerte arbeidet” teateret har gjort for å gjere teaterkunsten relevant og tilgjengeleg for personar og grupper utanfor det etablerte teaterpublikummet. Styret er svært glad for anerkjenninga for arbeidet gjennom satsinga på det Multinorske, etableringa av DNT på Rommen, og for den digitale satsinga som har gjort det mogleg å delta under pandemien og nedstenginga av teateret.

Teateret har arbeidd med utvida analysar av likestilling og mangfald ved Det Norske Teatret etter krava verksemda er pålagt frå 2020 gjennom likestillings- og diskrimineringslova. Ei første kartlegging av eventuelle lønnskilnader mellom kvinner og menn vil bli publisert i den utvida

årsrapporten for 2021 (tilgjengelig på www.detnorsketeatret.no). Teateret vil òg kartlegge om noko av deltidsarbeidet har karakter av å vere ufrivillig. Det er særleg i arbeidet med mottak og rettleiing av publikum at teateret nyttar deltidsstillingar.

I 2021 blei det utført 245 årsverk ved teateret (248 i 2020). Teateret hadde ved utgangen av året 238 fast tilsette og i åremål (235 i 2020), 119 menn og 119 kvinner. Desse utførte 215 årsverk, innleigde medverkande utgjør altså 30 årsverk.

Kjønnsfordelinga er 50-50 når det gjeld faste stillingar og åremål. 105 årsverk var utførte av kvinner, 110 av menn. Kvinnene har ein større del av deltidsstillingane ved teateret. 23 kvinner og 17 menn arbeider deltid. Tilsvarende har menn ein større del av heiltidsstillingane: 102 menn og 96 kvinner arbeider heiltid.

I leiargruppa og blant mellomleiarane er det god kjønns- og aldersbalanse. 14 leiarar er kvinner, 10 menn. I den øvste leiargruppa er det fire menn og tre kvinner.

Teateret har halde fram med systematisk førebyggjande arbeid mot trakassering og vedtatt etiske retningslinjer som gjeld alle som er i arbeid på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt og at kjensla av fellesskap er eit av teateret sine særmerke og aktivum. Verdien av dette har særleg vist seg i så krevjande år som 2020 og 2021, og den vart sett på ekstra prøver under den langvarige streiken hausten 2021.

Det er eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret og som regel møte annakvar veke. Både i desse møta og i arbeidsmiljøutvalet har det vore brukt mykje tid på å drøfte utsiktene til streik, situasjonen under streik og etter streiken, korleis ein best kan kome over det som vart vanskeleg i konflikten og kunne gå vidare saman. Det er styret sitt inntrykk at desse samtalanene har gitt gode resultat.

HMT-spørsmål har stått øvst på agendaen både i desse møta, i møta i leiinga, i avdelingar og i produksjonar. Arbeidsmiljøutvalet har hatt fem møte i 2021. Eit tema utvalet har brukt mykje tid på er å diskutere korleis ein kan skape magi på scenen samtidig som ein er tilbakehalden med bruk av scenerøyk. Teateret følgjer HMT-rutinar for bruk av scenerøyk som er vedtekne i

arbeidsmiljøutvalet i 2019 og utvalet har sørget for at det no blir kjøpt inn måleutstyr som gjer at teateret får nøyaktige data for bruken av scenerøyk.

Sjukefråværet i 2021 var 4,3 % (3,3 % i 2020). Det var ikkje alvorlege arbeidsulykker i 2021. Medan berre eit fåtal tilsette fekk Covid-19 i i starten av pandemien, blei fleire sjuke etter kvart som meir smittsame variantar av koronaviruset spreidde seg. Dette blei særleg merkbart mot slutten av året.

Så langt teateret kjenner til er det likevel berre eitt tilfelle der det er sannsynleg at nokon har blitt smitta på jobb på teateret. Det er enno ikkje registrert tilfelle av smitteoverføring mellom publikum i teateret, sjølv om det nokre gonger har vore uvitande Covid-19-positive på framsyningar.

Det Norske Teatret har hatt omfattande smittevernrutinar i alle samanhengar sidan utbrotet av pandemien i mars 2020. Kostnadane har periodevis vore høge, med ein topp i mai og juni då teateret brukte innleigd helsepersonell til å hurtigste skodespelarar og andre som måtte bryte meteren på prøvar og framsyningar.

Risikostyring

Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinane blir regelmessig evaluerte og forbetra. Teateret har ein heilskapleg beredskapsplan, og har gjennomført omfattande kursing av alle som har ei rolle i beredskapsgruppa. Dette forarbeidet kom til stor nytte då pandemien råka Noreg. Ettersom dei vanskelege situasjonane pandemien skapte både vart langvarige og mange, valde teateret i 2021 å bruke dei ordinære styringsorgana som leiargruppe og speleplanmøte til å handtere den vedvarande krisa. For å innarbeide omverdsanalyse som ei systematisk og nødvendig leiaroppgåve har mest alle møte hatt "Verda og vi" som eit fast opningspunkt. Her har teateret ikkje berre forsøkt å følgje utviklinga i pandemien, men og reflektert over andre store endringar, som klima- og berekraftsutfordringar.

Økonomisk risikovurdering blir følgd opp årleg saman med revisor. Dei viktigaste eksterne risikofaktorane har i normale tider vore fare for svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønsoppgeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Med omlegging til repertoarspel er risikoen for billettsvikt tatt noko ned, i og med at ein no kan programmere om ved salssvikt på

enkeltoppsetjingar. Teateret har òg arbeidd med å styrke rapporteringa av avvik og utvikle ei tettare risikoppfølging knytt til produksjonsgjennomføringa.

Med pandemien fekk teateret heilt nye risikofaktorar å ta omsyn til. Med jamne mellomrom har styret fått risikovurderingar frå administrasjonen, der faktorar som fare for smittespreiing på teateret, driftsavbrot på grunn av sjuke tilsette, frustrert publikum, nedvurdering av kultur i samfunnet er døme på nye faktorar som har stått på styret sitt risikokart gjennom året.

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer vilkåra for val av bank ut frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kredittbehov. Teateret har også hatt noka leigefinansiering gjennom bank.

Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Kredittrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalte billetter.

Trass store vanskar med å skaffe ordinære eigeninntekter gjennom pandemien - billettinntekter - har likviditeten betra seg i 2021. Dette har samanheng med mange faktorar, mellom anna lågare driftskostnader og lågare investeringar, tilbakeført eigenkapital frå KLP med meir. Tidleg utbetaling av ekstraordinær støtte frå Kulturdepartementet har òg vore til nytte. Bruken av kassakreditt ved årsskiftet kan tene som eit forenkla bilde på situasjonen: Den var vel 15 millionar kroner lågare ved utgangen av 2021 enn året før.

Styret har ikkje teikna ansvarsforsikring for styrearbeidet.

Klima, miljø og berekraft

Teateret forureinar i liten grad det ytre miljøet. Teateret sine beste miljøvinstar ligg i reduksjon av energiforbruket. Overgang til LED-lys på scene og aktivitetsbasert ventilasjonsstyring er viktige tiltak for energisparing.

Klimautfordringane verda står overfor er så omfattande at også Det Norske Teatret må bu seg på å gjere meir og bli eit grønar teater. Fram til no har klimautfordringane blitt handsama med større alvor på teateret sine scenar enn i ei kritisk gjennomtenking av kva for konsekvensar dei skal få for måten vi driv teateret som organisasjon og måten vi gjennomfører produksjonar på.

Eit større prosjekt for klima og berekraft er førebudd gjennom hausten 2021 og vil bli sett i verk tidleg i 2022. Desse utfordringane fekk også god plass på styret si strategisamling i september.

Det Norske Teatret er nøgd med at NTO saman med andre bransjeaktørar har laga eit grønt vegkart for kulturlivet. Som einaste norske teater i European Theatre Convention (ETC) får vi òg tilgang til erfaringar frå klimaarbeid på andre europeiske teater og deltaking i eit svært verdifullt internasjonalt nettverk. Teateret vil aktivt bruke både nasjonale og europeiske nettverk i eit fornya arbeid med klimautfordringar og berekraft.

Vidare drift og vesentlege hendingar etter balansedagen

Styret har hatt sju møte i 2021 og handsama 62 saker. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gir eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2021. Verksemda er, trass pandemien, i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Det Norske Teatret er som andre scenekunstinstitusjonar og museum lova del i ei ekstra løyving på 100 millionar kroner for første kvartal i 2022.

Restriksjonane vart til slutt fjerna heilt 12. februar 2022. Situasjonen har vore svært alvorleg i to år. Styret er likevel ikkje uroleg for at Det Norske Teatret skal få varige men etter pandemien. Styret legg til grunn at det vil kome liknande kompensasjonsordningar som dei vi har hatt, dersom nye pandemibølger skulle føre til nye restriksjonar som går utover billettsalet. Hovudfinansieringa (om lag 2/3) til teateret vil framleis vere offentleg støtte frå Kulturdepartementet. Styret opplever ikkje denne som trua. Styret og administrasjonen vil uansett vurdere situasjonen og behovet for tiltak løpande utover året, tilpassa utviklinga.

Framtidsutsikter

Det mest usikre for teateret har vore kor lang tid det vil ta før publikum igjen går i teater i hopetal. 2022 har starta lovande. Mykje gjer framtida svært usikker, men i denne uvissa ligg òg kimen til at det kan gå betre enn kva vi er blitt vande med å tenke i dei to åra vi no har lagt bak oss.

Styret vil likevel gjenta og forsterke den uroa vi uttrykte i førre årsmelding om kulturlivets plass og status i samfunnet. Pandemien har vist at når det blir krise, står ikkje kulturlivet så sterkt som vi kunne ha inntrykk av i gode tider. For framtida bør styresmaktene legge til rette for ein mykje betre dialog med kulturinstitusjonane om korleis ein kan spele for eit visst publikum og samtidig ha eit godt smittevern.



Engasjerte kulturpolitikarar har sørgt for ein rimeleg god kompensasjonspolitik for kulturlivet, men teateret saknar framleis eit engasjement for kva som er kulturens plass i ei så stor krise. Styret ser at det trengs eit langsiktig arbeid for at kunst og kultur skal ta og halde på ein sterk og akta posisjon i samfunnet. Det Norske Teatret vil bidra med alt vi kan for å få dette til – det kan vere alt frå bidrag i den nye tankesmia *Kraft* til den større, attraktive plassen kulturlivet i hovudstaden kan ta gjennom vårt eige takprosjekt.

Og uansett skal Det Norske Teatret skal vere eit teater som utfordrar. Først og fremst kunstnarleg, men òg som deltakar i samfunnet. Erfaringane frå dei to siste åra har styrkt oss i trua på at same kva slags samfunn som veks fram etter denne globale krisa, så vil Det Norske Teatret uansett vere der og spele ei viktig rolle, som fyrstårn for nynorsken og som leiande europeisk teater.

Styret vil rette ein særleg stor takk til leiinga ved teateret gjennom to særleg krevjande år. Teateret har møtt utfordringar med eit klart formål om å levere kunst på høgt nivå, uavhengig av vanskelege omstende og har strekt seg for å finne nye løysingar på store utfordringar. Styret vil òg takke dei tillitsvalde. Vervet som tillitsvalt har vore særskilt krevjande under pandemien, men samarbeidet mellom leiing og tillitsvalde har vore avgjerande for dei gode resultatene Det Norske Teatret har oppnådd gjennom krisa.

Til slutt ein stor takk til alle tilsette, som har stått på, tatt ansvar og gjort ein innsats langt utover det vanlege i denne situasjonen. Slik har Det Norske Teatret vist fram evna til å vere både nyskapande og djervt på heilt nye måtar.

Oslo 25.02.2022

i styret for L/L Det Norske Teatret

Nina Refseth

Styreleiar

Steinulf Tunesvik

Nestleiar

Inger Lise Aarrestad Rettedal

Shahzad Rana

Paul-Ottar Haga

Magni Hjertenes Flyum

Ola Erik Blæsterdalen



Erik Ulfsby

Teatersjef og dagleg leiar

Hans Antonsen

Direktør



Årsmelding 2021

Signers:

Name	Method	Date
Rettedal, Inger Lise Aarrestad	BANKID_MOBILE	2022-03-01 10:28
Antonsen, Hans Tormod	BANKID_MOBILE	2022-02-27 18:08
Ulfsby, Erik Ole Christian	BANKID_MOBILE	2022-02-28 21:23
Tungesvik, Steinulf	BANKID_MOBILE	2022-03-01 10:37
Refseth, Nina	BANKID	2022-03-01 11:07
Blæsterdalen, Ola Erik	BANKID_MOBILE	2022-02-28 17:29
Flyum, Magni Hjertenes	BANKID_MOBILE	2022-02-26 13:32
Haga, Paul Ottar	BANKID_MOBILE	2022-02-26 11:15
Rana, Shahzad Asghar	BANKID_MOBILE	2022-02-28 21:56

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.



NOTAR

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

INNETEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar. Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta blir ikkje avskriven. Teaterbygget blei skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskrivning som prinsipp.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivningstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsførte jamleg som driftskostnader.

LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eidedelar) blir balanseførte som eidedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivningar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

PENSJON

Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direkte over resultat i det året dei oppstår (NRS 6). Frå 2021 har teateret endra rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytta moglegheta til å anvende målereglane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat.



Note 2 – Tilskot	2021	2020
Statstilskot - tilskotsbrev 21.12.20	213 030	187 230
Ekstra statstilskot - 28.06.21	2 304	17 813
Andre tilskot	100	0
Tilskot til fagopplæring	29	44
Totalt	215 463	205 087

Note 3 – Kostnad v/arbeidskraft	2021	2020
Løn	130 567	125 765
Arbeidsgjevaravgift	20 655	18 732
Honorar	11 478	12 357
Pensjonskostnader, innskotspensjon og usikra ordning	10 845	11 018
Sum	173 545	167 872

Godtgjersle til ledande tilsette:

Teatersjef:

Løn	1 444
Pensjonskostnader	176
Anna godtgjersle	6

Styret: 300

Teatersjefen er tilsett på åremål. Teatersjefen tener opp to månaders etterløn for kvart år han er tilsett, avgrensa oppetter til eitt år.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.



Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

	2021	2020
Del til eiga disponering	1 571	1 607
Del utleige	8 931	9 968
Sum	10 502	11 575

Note 6A – Varige driftsmiddel	2021	2020
Teknisk utstyr, inventar		
Innkjøpskost pr. 01.01.	188 313	181 948
Tilgangar	11 232	6 365
Avgangar	0	0
Innkjøpskost 31.12.	199 545	188 313
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	128 479	111 589
Balanseført verdi pr. 31.12.	71 066	76 724
Avskrivningar i år	16 891	17 739

Det blir nytta lineære avskrivningar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

Transportmiddel, inventar og maskinar	05/10 år
Datautstyr	03/05 år
Teknisk utstyr	10/15 år
Kontorutstyr	03/05 år
Andre driftsmiddel	03/05 år

Note 6B – Leigefinansiering	2021	2020
Teknisk utstyr, inventar		
Innkjøpskost pr. 01.01.	0	5 478
Tilgangar	0	0
Avgangar	0	0
Innkjøpskost 31.12.	0	5 478
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	0	5 478
Balanseført verdi 31.12.	0	0
Avskrivningar i år	0	275
Avskrivningar totalt	16 891	18 014



Note 8 – Eigenkapital	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital	
	Lutmiddel	Annan innskoten EK	Annan EK	Sum
Balanse i årsrekneskapen pr. 31.12.2020	4 909	6 335	9 509	20 752
Pensjonsplikter mot EK (sjå omtale i note 10)			-416	-416
Overskott 2021			1 449	1 449
Balanse pr. 31.12.2021	4 909	6 335	10 541	21 785

Note 9 – Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Bereking av utsett skattefordel	2021	2020
Førebelse skilnader		
Bygning	-7 483	-7 071
Netto midlertidige skilnader	-7 483	-7 071
Grunnlag for utsett skattefordel	-7 483	-7 071
22 % utsett skattefordel	-1 646	-1 555
Utsett skattefordel i balansen (22%)	-1 646	-1 555

Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt.

Resultat før skattekostnad inkludert pensjon	2 065	-3 992
Resultat frå teaterverksemd	736	5 943
Grunnlag for skattekostnaden i året	2 801	1 951
Endring i mellombelse resultatforskjellar	411	365
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	3 212	2 316
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	3 212	2 316
Fordeling av skattekostnaden		
Betalbar skatt på resultat for året	707	509
Endring i utsett skatt	-91	-80
Skattekostnad	616	429

Avstemming av skattekostnaden i år



dermed ikkje balanseførte som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvopensjon til teatersjefar og e tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredde i kraft.

Resultatrekneskapen	2021	2020
Pensjonsopptening i året	460	42
Rentekostnader av pensjonsplikter	566	6 578
Brutto pensjonskostnad	1 026	6 620
Avkastning på pensjonsmidlar	0	-8 898
Resultatavvik og planendringar	0	14 806
Arbeidsgjevaravgift	0	-355
Resultatført pensjonskostnad før tilskot frå tilsette*	1 026	12 173
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	0	-6 036
Endring av netto pensjonsplikter i balansen	1 026	6 137
*Av dette årets pensjonskostnad KLP lukka ordning	0	11 328
Reversert nedskrivning av eigenkapitalinnskott i KLP (tilbakebetalt i 2021)	0	-5 050
Pensjonskostnad lukka ordning i resultatrekneskapen	1 026	6 278

**Usikra servicepensjon:
Pensjonskostnad**

Rentekostnader av pensjonsplikter	42	59
Sum pensjonskostnad usikra ordning	42	59

Balansepostar

Usikre pensjonsplikter:

Pensjonsplikter (brutto)	2 576	2 219
Periodevis arbeidsgjevaravgift	329	374
Netto usikre pensjonsplikter	2 905	2 593

Sikre pensjonsplikter (kollektiv ytingspensjon):

Pensjonsplikter (brutto)	268 976	267 683
--------------------------	---------	---------



	2021	2020
Note 13 – Varelager		
Varelager pr. 31.12.	2 076	1 865

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2020 og 2021.

Note 14 – Bundne bankinnskot

Bundne bankinnskot pr 31.12 er 6,5 mill. kr, og består av skattetrekksmidler.



KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

(tal i NOK 1000)

	2021	2020
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	2 065	-3 992
Ordinære avskrivningar	17 964	19 087
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	787	6 137
Endring varelager	-211	99
Endring forskot kundar	-2 402	-7 151
Endring i leverandørgjeld	-1 196	2 259
Endring i andre tidsavgrensingspostar	12 476	-7 097
Betalt skatt i perioden	-510	-458
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	28 973	8 883
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar		
Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel	-11 232	-6 365
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-11 232	-6 365
Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar		
Kassekreditt	-15 576	-1 485
Endring langsiktig gjeld	-1 500	-1 775
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-17 076	-3 260
Netto endring i kontantar	665	-741
Kontantbeholdning 01.01.	5 876	6 617
Kontantbeholdning 31.12.	6 541	5 876
Spesifikasjon av kontantbeholdning ved periodeslutt		
Bankinnskott bunde for skattetrekk	6 526	5 861
Bankinnskott, kontantar	15	15